



ÅRSMELDING 2025 – 25-års Jubileumsfeiring

Styrebehandla 11. februar 2026

Lagt fram for årsmøtet 9. april 2026

Årsmøtet 6. mars 2025

Desse blei valde til styre i Mølleparkens Venner (MPV):

Bjørn A. Olsen	leiar, ny, for eitt år
Audun Rake	nestleiar attval for to år
Per Trygve Holmgren	kasserar (ikkje på val)
Tom Jakob Bru	ny, sekretær, for to år
Siv Mette Mosness	styremedlem (ikkje på val)
Ona Søyland	styremedlem, (ikkje på val)
Geir Karlsen	styremedlem, ny, for to år

Revisorane Olav Strand og Leif Livastøl var ikkje på val

Årsmøtet vedtok ein årsplan for 2025 der hovudtal i budsjettet var med. Dei ulike tiltaka i planen er kommenterte i avsnitta nedanfor.

Uendra kontingent: Kr 200 for enkeltmedlem, 300 for familie.

Styret sitt arbeid

Fordelt på Villaen og Gildehallen hadde styret 6 møte i 2025, eitt felles med styret i Stiftelsen Tou Brug (Stiftelsen). I tillegg ein god del kontakt/avklaring via e-post og elles.

Styret hadde eit kontaktmøte med interesserte parkfolk ang. arbeidsplan for parken.

Ved årsskiftet var me 193 i enkeltmedlemmer, nær dobling, og 152 (22 fleire) i familiemedlemskap. Med ca. to i kvar familie gir det ein medlemsmasse på godt 500, 140 fleire enn ved forrige årsskifte. Ny årsrekord i verving!

Martin Sigmundstad, avløyst av Bjørn A. Olsen, og Rolf Ersdal har representert MPV i styret for Stiftelsen. Samarbeidet med Stiftelsen er det aller beste.

Per Trygve Holmgren fører rekneskapen for MPV som dugnad. Me har god omsetnad og der er god kontroll på kostnadene. Sjå detaljar i framlagt årsrekneskap.

Stiftelsen lønнар Ona Søyland i ein 20%-stilling knytta til utleigeverksemda.

MPV har nå lagt alt styrearbeid, inkl. nettside, m.m., inn i programmet StyreWEB.

Dugnad

Onsdagsdugnadane kl. 1700 -1900 har bra oppslutnad, med fin aktivitet i dei ulike gruppene. Med ganske bra oppslutnad hadde me vårdugnad 26. april og haustdugnad 1. november. I tillegg kjem mykje dugnad vanlege dagar heile året.

Haust- og vårdugnadane handlar mest om klargjering av parken før og etter vintersesongen. Det blei invitert til å ha onsdag som dugnadsdag heile året, då med kl. 1400-1600 i vintertida på klokka. Innarbeiding av dette er nå godt i gang. På etterjulsvinteren er det nær stillstand på dugnad i sjølve parken.

Me manglar eit system for god registrering av dugnadsinnsatsen. Likevel, som for 2024, eit forsiktig anslag: 5 000 timar/tre årsverk, i 2025.

Me ser eit jamt tilsig av aktive dugnadsfolk, men me treng ennå fleire.

Det er innarbeidd å ta kr 1 000 for vanleg dugnadsguiding i Parken/anlegget.

Jubileum 2025

1 I 2025 var det 25 år sidan MPV blei stifta og det blei bestemt å markere dette både tydeleg og breitt. Styret oppnemnde denne jubileumskomiteén, som fekk ganske frie tøyler, innafor eit budsjett på kr 150 000: Tom Jakob Bru (leiar), Elisabeth Tjøstheim og Grete H. Furenes. Dette blei tidleg bestemt:

1. Det skal lagast eit jubileumsskrift (omtale i eige avsnitt, nedanfor)
2. Aktivitetar og arrangement skal ha eit «jubileumsløft» (sjå nedanfor)
3. Alle aktive medlemmer skal inviterast til ein jubileumsfest (omtale nedafor).

Eit stort og flott Jubileumsbanner blei laga, og hengt opp på Løveveggen.

Spesielle aktivitetar m. m. søndagar

Alle arrangement var med fri «jubileums»-inngang.

- | | |
|------------|--|
| 4. mai | Kunstnar Øyvind Bøvor, Toradarane. Bra med folk! |
| 11. mai | Steinovnbakst. Ryfylke veteranbilkubb. Heile 280 bilar, mengder med folk. |
| 18. mai | Barneaktivitet |
| 25. mai | Bakst frå steinovnen. Gratis: Rogaland Teater: «Terje Vigen». 90 stk.! |
| 1. juni | Ny kunstnar: Marina Deryabina. Tau Musikkorps |
| 15. juni | Steinovnbakst. Seniorkoret og Firerbanden på Låven. 134 frammøtte. |
| 6. juli | Musikk på låven ved Martine Vidnes m. fl. 160 i publikum. |
| 13. juli | Steinovnbakst. |
| 20. juli | 60 på Låven: Musikk ved Birgitta Elisa Oftestad og Viktoria Opstad i Villaen. |
| 27. juli | Musikk på Låven ved Emma Jansen. 100 frammøtte |
| 3. august | Ny kunstnar: Birgitte Raen Gilsvik |
| 24. august | Steinovnbakst. Bruktmarked klede, på Låven |
| 31. august | Jørpeland Musikkorps ca. 50 i publikum |
| 7. sept. | Steinovnbakst. Ny kunstnar: Ingvill Gaarder. Kammermusikk i Villaen. Fullt hus |
| 14. sept. | Innslag ved Kulturskulen |
| 21. sept. | Firerbanden på Låven. Tangomusikk/dans på Låven. Flotte innslag! |
| 28. sept. | Hjelmeland Storband. Over 90 i publikum |
- Elles: Bryggegruppa har fleire gonger invitert til smaks- og temakveldar i Gildehallen.

Jubileumshefte, ved Magnar Hapnes, Svanhild O Nessa og Ona Søyland

Det er laga eit biletespekka skrift som fortel historikken og det som har kome etterkvart i Mølleparken. Så vel gamle som ny-verva medlemmer får dette, og det er veleigna til kontaktarbeidet med ulike partnarar. Er også til salgs, i kaféen.

Jubileumsfest på låven 23. oktober

Eit aktivt jubileumsår ble avslutta med fest for alle som deltar på dugnad i parken, mykje eller lite, samt inviterte frå då Mølleparkens venner blei danna. Innslag:

- Konferansier: Bernt Lendengen
- På vegne av ordføraren Irene kom kultursjef Elin Rossemyr med helsing frå kommunen, og hadde med blomster til styremedlemmene i MPV
- Arild Tid Johansen frå Strand revylag bidrog med dem flotte Mølleparksangen
- Grete H. Furenes og Gunnar Fatland fortalde om roller 25 år tilbake.
- Musikkinnslag ved brødrene Stendal, med Cohen og Bob Dylan

Til stor glede blei fire veteranar kåra til æresmedlemmer:

Grete H. Furenes, Elisabeth Tjøstheim, Else Karin Gard og Egil Svensen.

<u>Jubileumsbudsjettet var på 150 000, brukt slik:</u>	Jubileumshefte	kr 52 000
	Honorar til kulturinnslag	kr 42 000
	Jubileumsfesten	kr 30 000
	Diverse	kr 26 000

Jubiléet blei feira med ein park i god stand, ja som ei perle sentralt på Tau. Dette med entusiastisk innsats frå ein god flokk aktive medlemmer i MPV. Kommunen likar det me held på med og me har mykje medvind lokalt.

Me meiner me har levert på dei vilkåra og føresetnadene som blei sette for 25 år sidan.

Dei ulike gruppene

Kafégruppa, ved Anne Karin Sigmundstad

Open 22 søndagar, frå 4. mai til 28. september, samt julemarkedet 6. desember. Meir enn 50 stk. har vore engasjerte som kafévertar, mange har tatt fleire vakter. Brit Riis har hatt hovudansvaret for innkjøp til kaféen samt kaffi/kaffimat til onsdagsdugnaden. Folk er positive til å stille når dei blir spurt. Juli er vanskelegaste månaden å få dekkja. På vanlege søndagar er 4 personar tilstrekkeleg, ved arrangement og ved steinovnbakst er dette i minste laget.

Framover bør det vurderast å dele opp ansvaret for bemanning av kafeen på fleire, f.eks. ein ansvarleg pr. måned.

Loppene, ved Astrid Kleven

Me tre faste på laget: Lisen, Jorunn og Astrid har jubileumsåret vore eit bra Loppe-år. Mykje varer har kome inn og salget har vore bra. Det er ein god del arbeid med å hente og klargjere varer for salg. Opningstidene fylgjer kafé-kalenderen, og som vanleg blei det eit godt sal på julemessa. Dugnad: Ca. 600 timar.

Loppene, ved Astrid, koordinerer overføring til kasserar av alle ulike søndagsinntekter.

Kunstgruppa, ved Ona Søyland

Ona tok på seg «Kunsten» dette året, som ei mellomløysing.

Utstillarar - Mai: Øyvind Bøvor, Jørpeland

Juni: Marina Deryabina, Jørpeland

Juli: Ingen

August: Birgitte Raen Gilsvik, Hjelmeland

September: Ingvill Gaarder, Tau

MPV sin salsprovisjonen er 15 %. Kunstnar betaler sjølv 5% kunstsatt for sal over kr 2000. Kunstnarane sjølv var vakt under opning og elles. Når dei ikkje kunne passa Ona på i Galleriet. To av kunstnarane, Ingvill og Marina har starta Strand kunstforening. Dei vil frå 2026 ta ansvar for Galleriet.

Drivhuset/gartneriet, ved Else Karin Gard

Besøkande i parken er forvitne og kjem innom drivhuset for å sjekke utvalet, som i 2025 hadde auka med meir blomar og urter. Ope kvar søndag i mai (beste månaden!), juni og juli. Nye benker i veksthusdelen er på plass, men den bebuda renoveringa kom diverre ikkje i 2025. Nå må ei gjennomføring i 2026 komme. Dett gir ein del utfordringar og ein noko usikker sesong, men intensjonen er å ha fullt sal som før, men med eit smalare utval. Dugnadstimar ca. 400.

Bakegruppene ved Grete H. Furenes

Dei fire bakegruppene, kvar på 5-6 personar, var i sving ved Steinovnen i Villaen seks sommarsøndagar. I tillegg blei det baka til julemessa. Baksten er populær og sel godt. Kvar av gruppene organiserer innkjøp, firing, deigsetting, utbaking, steiking og reingjering før og etter baking, ein omfattande jobb, som tar ca. 44 timar pr gong med 5 bakarar. Torleif sørger for tørr ved og bistår med firing. Fyringa startar dagen før baking og tar 14-18 timar.

Bakegruppene organiserte også pakking av julekaker til julemessa, levert av medlemmer i og utanfor gruppene.

Kvernhusgruppa, ved Martin Sigmundstad

Tørkehuset med tilhøyrande mekanisk utstyr har vore hovudsatsinga dette året.

Utgangspunkt var å leige inn eksterne til hovudaktivitetane, med budsjett på kr 300 000. Av dette 50 000 frå MPV. Fylkeskommunen ga også tilsegn om ein sum. Nå viste det seg at me hadde godt kvalifiserte fagfolk i egne rekke (Svein Langvik og Tor Moen) og sjølv dei mest intrikate oppgåvene kunne løysast med dugnadsinnsats. Dette er gjort:

- *Utløfting /transport av vasshjul til garasje for omfattande utskifting og reparasjon. Demontering av drivverk med tilhøyrande reparasjon-/produksjon av nye lager og andre deler til drivverket.*
- *Reparasjon av tannhjul, riving av tørkepanna, design og produksjon av støpyemodell og støyping av ny panne.*
- *Riving av murverk rundt tørkepanna og oppføring av ny mur.*

Prosjektet er i sluttfasen og tørka skal kunne opererast til kommande sesong.

Den store dugnadsinnsatsen har ført til at dei tidlegare budsjetterte midlane på kr 50 000 skal vere tilstrekkeleg til å komme i mål. Nemast her må den store gratisinnsatsen/sponsinga frå lokale bedrifter. Sjå sponsorliste.

Taufr Bryggelag, ved Tom Ravndal

Eit svært aktivt år, der dei nå 44 medlemmene i tillegg til brygging har vore med på kurs, dugnader og sosiale samlingar (opne også for andre). Det er gjennomført påskebrygg, tradisjonsbrygg (på Blideberget), sommarbrygg og julebrygg, med oppfylgjande samlingar med smaking, m.m. Det er gjennomført fleire kurs for så vel erfarne bryggarar som for nybegynnarar. Det er halde opne bryggedagar. «Kveikens mystikk og mysterier» var tema på ei samling. Noko opprusting av lokalene er utført på dugnad.

27. september var det open bryggedag, med presse og publikum. God oppslutnad!

Bryggeutvalet:

Tom Ravndal, Grete Strømsmo, Terje Nag, Egil Svensen, Alf Henning Heggheim, Ove Soltveit

Museumsgruppa, ved Rolf Ersdal og Egil Svensen

I arbeidet med å få til eit samarbeid med Ryfylkemuseet er det halde møte med representantar frå museet, der det kom fram at kommunen måtte vera med i samarbeidet. I møte med representantar frå kommunen fekk me positive signal om at saka ville bli fremja for behandling.

Arbeid med utstilling av bilete og gjenstandar vil halda fram.

Informasjon og sosiale media, ved Siri Abrahamsen og Benedicte A. Hantho

Gruppa har ansvaret for drift av Mølleparkens Venner sine facebook- og instagramkontoar, samt nettsida, og supplerer løpande med aktuelle foto. Målet er å informere om aktivitetar og arrangement, samt å dele stemningen frå parken gjennom bilete, video og tekst. Dette inkluderer verving av nye fylgjarar, for slik å dra fleire besøkande til parken samt å skaffe nye medlemmer i MPV. Omtale av ulike arrangement har gitt størst engasjement.

Saman med Stiftelsen og som del av styreweb, med mykje innsats frå Benedicte, er det nå kome på plass nettside (molleparkentau.no). Her ligg ulike artiklar, kalender, foto, mykje informasjon, m.m., samt opplegg for medlemsteikning. Alle gruppene har egne sider.

1 300 unike personar blei nådde i oppstartåret med totalt 15 000 visingar. Flest besøkande kjem via google og link på facebookside. Kalenderen er den mest besøkte sida.

Der er også egne sider for utleige, med informasjon om lokaler, prisar, samt booking.

Gruppa sitt arbeid i 2025 har gitt ca. 100 dugnadstimar

Snikkerbuå, ved Arnfinn Livastøl

God aktivitet gjennom heile året, med opphald frå mai til august. Som tidlegare år blei det mykje kniv, koppar i tre, hushaldsartiklar, men også ein del anna kreativt. Fleire var også dette året med på å smi egne knivblad. Strand kommune tildelte Snikkerbuå kr 35 000 til drift og utstyr. Alt utstyr er MPV sin eigedom, då og til drift og vedlikehald av Parken.

Det etablerte samarbeidet med psykiatriavdeling ROP i Strand kommune fungerer greitt. Dei brukar Snikkerbuå 2 gonger i veka på dagtid.

Supplering av utstyr: Ein stor høvelmaskin må erstattast. Tidlegare tildelte tilskotsmidlar kan brukast til dette. Budsjett for 2026: Driftstilskot kr 30 000

Kjøp av utstyr (ny høvelmaskin + +) kr 30 000

Møllekulå petanqueklubb, ved Magnar Hapnes

22 klubbmedlemmer har faste speledagar tirsdag/torsdag på to banar heile året. 4-12 spelarar møter. Sentrale medlemmer hadde våren ein inspirerende studietur til Stord, landets største petanqueklubb. Eit sjølvutvikla dataprogram styrer nå spelinga m.a. i fire årlige turneringar. Klubben har fått kommunale midlar til å nå fleire deltakarar og det kan bli aktuelt å få til ein tredje bane. Det er etablert samarbeid med klubben i Staal.

Styret: Magnar Hapnes (leiar), Kåre Skår, Signe Plahte Holmgren og Finn Middelthon.

Utleige, ved Ona Søyland

Nok eit aktivt år, med leigeinntekter på kr 358 500 brutto.

Mor Svitlana og dotter Sophia frå Ukraina er tilsett for å vaske handikaptaletta kvar veke (Strand kommune betaler lønn). Dei vaskar også ut etter utleige av lokala.

Ona sin stilling - administrere utleiga - er ca. 20%.

Utleige til 84 arrangement: Låven 43, Villaen 38, Paviljongen 3. Omtrent som i 2024.

Julemarked, ved Ona Søyland

På tredje året, 06.12, samarbeidde me med Tau handelsforeining om julemarked i Parken. Ona tok på seg mykje av det førebuande, inkl. kunngjering. Markedet vart flytta frå Osaplassen og bort til Løå – ei klar forbetring. MPV hadde steinovnbakst, loppesalg og full drift på kaféen. I Galleriet arrangerte Strand kunstforeining utstilling med 6 kunstnarar. Tau handelsforeining ordna musikk, nissebesøk og snopeposar, og Tau kyrkje hadde sal av graut, samt barneaktivitetar. Tau skulekorps spela til juletregang på Låven, der Nissen delte ut 115 snopeposar.

11 hadde stand inne, 17 ute. Å stå på stand var gratis. Plass inne kosta kr 500, i telt 200 og leige av bord 50. Mange hadde godt sal, sild frå Karmøy vart fort utseld. Arrangementet hadde mange besøkande og me fekk mykje skrøyt. Me hadde overskya opphaldsver. Dagen før hadde Strand vg. skole (SVGS) eit vellukka julemarked på Tau torg.

Til neste år:

- Få til eit nærare samarbeid mellom Tau handelsforretning, MPV og SVGS.
- Ha betre kontroll på parkering før start og når korpset/Nissen skal komme.

Parken, bygningane, m.m. ved Rolf og Audun

Robotane tar seg av plenane, og me pussar kanter, m.m. Løpande fjerning av kratt og småris langs elva/vatnet blir gjennomført. Uvær førte til behov for opprensing (blir til bake-ved!) fleire stader. Alle store tre har klart seg. Mange dugnadstimar går til maling, småfiksing og anna vedlikehald inne og ute i dei ulike bygningane i parken.

Tiltak: To nye robotklipparar kjem på plass for oppstart til 2026-sesongen

Planlagt maling av Løå blei gjennomført (ekstern jobb) i 2025.

Reparasjonen av Villa-trappa blei fullført. Fin trapp!

Oppgåver som er der heile tida, er slikt som:

- Administrasjon av nøklar til bygningane.
- Ny lås med trådløs styring på handicap-toalettet.
- Internett og audiovisuelt utstyr.
- Tilsyn med park-/veglyset.
- Alarmsystem for Løå og Villaen.
- Julepynting med lys, etc.
- Brøyting og anna stell av gangvegane i parken.

På nyåret 2026 vedtok styret ein gjennomarbeidd arbeidsplan for stell av Parken.

Kontakt med Strand kommune og andre

Strand kommune er tungt integrert med alt som føregår i parken. Kommunen er formell grunneigar, men utøver dette via -Stiftelsen Tou Brug. Me opplever stor grad av velvilje hos begge desse. Økonomisk er me i det store og heile sjølvgåande, noko som blir lagt merke til og som inspirerer oss i MPV til innsats.

Løpande samspel med kommunen gjeld mellom anna:

- Gjennomføring av sikringstiltak, inkl. info-møte, og brannførebygging
- Avtale om straumstøtte til ulike bygg og til gatelys
- ROP-prosjektet. Sjå avsnittet om Snikkerbua
- Avfallshenting og drift av offentleg toalett

Museumsgruppa har tatt initiativ til å få på plass eit samspel med Ryfylkemuséet, der det har vore god kontakt med kulturetaten i kommunen, ved kst. kultursjef Elin Rossemyr.

Sentrumsforeninga på Tau har blitt ein nær samarbeidspart, mellom anna ved at me nå har felles julemarked, lagt til Parken, inkludert julegrantenning og nissebesøk. Dette samarbeidet kan vekse, men gir også dugnadsutfordringar frå vår side.

Tau Mølle/Vestkorn Milling er vår næraste nabo, og me har eit greitt forhold oss imellom. Ei viktig, og uløyst, sak gjeld framtidig adkomst og parkering. Ei anna aktuell sak er at ulike partar arbeider med planar knytta til vasskraft kontra laks i Tau-vassdraget. MPV og Stiftelsen blir informert og det er gitt rom for innspel.

Sponsorar

Mange viser stor velvilje, over fleire år:

Ryfylke Elektriske	Strand vidaregående skole	Vestkorn Milling
Mibau Stema (Norstone)	Coca Cola	Strand Maskinutleie
Strand kommune	RyfylkeTrelast/XL-Bygg	Sparebankstiftelsen DNB
Rogaland Sparebank	Sparebankstiftelsen SR-Bank	Låntmannen (mjøl)
Tau Mek. Verkstad	Sørskår Mek. Verkstad	

Investeringar

Løå:	Maling av alle yttervegger (ekstern jobb)
Låven:	Oppgradert lydanlegg på låven.
Kvernhusa:	Det øvre kvernhuset er komplett, arbeid pågår med tørkehuset.
Drivhuset:	Nye benker m. m. er på plass før full renovering skjer i 2026
Parken:	Plenane: To nye robotar er klare til 2026-sesongen
Villaen:	Ferdig renovert trapp på framsida.

Sluttord

Anlegget er ei perle, mykje i bruk heile året. Foreninga har mange entusiastar og motivering for dette manglar ikkje. Bortsett frå litt småtteri er me heldigvis skåna for hververk.

Dugnad er det same som innsats utan økonomisk vederlag. Men der er rikeleg med anna vederlag, så som god helse, godt lag, gode resultat. I dette ligg mykje inspirasjon til vidare innsats.

Styret i Mølleparkens venner 11. februar 2026
Bjørn A. Olsen, styreleiar